



Tormod Myklebust fekk nei frå fylkesmannen til frådelling av kårhustomt. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Fylkesmannen har avvist planen til Tormod og sonen Runar Myklebust i Uskedalen om frådelling og byggjing av nytt kårhus på eit 0,5 dekar stort areal kloss i tunet på garden.**

Leiar av avdelingen for areal og landskap Berit Karin Rystad innrømmar at saker som denne er svært vanskelege, særleg sidan det økonomiske aspektet er viktig og at ein frå statleg hald ynskjer å leggje til rette for landbruksdrift med gode vilkår.

Likevel må Fylkesmannen rå frå at ein gjer positivt vedtak i saka slik ho ligg føre, Dette av omsyn til potensielle konflikhtar og driftsulempar knytt til eitt fritt omsetjeleg bustadhus nær tunet i framtida.

Bruket treng nytt kårhus då dagens kårhus ikkje er i brukande forfatning. Myklebust har i søknaden om dispensasjon peika på at ein i Kvinnherad har delt frå mange kårhus ei tid etter at dei vert bygd. Framfor å omgå regelverket på denne måten vel ein difor å handsame saka som ei frådelingssak frå starten av.

I søknaden vert det argumentert med at finansieringen av det nye huset vil kome på bekostning av nye posjekt på garden dersom ein ikkje får byggje på fråskild tomt. Dette har samband med verditaksering av landbrukseigedomar og sjølvstendige bustadtomter.

Fylkesmannen er klar over denne problemstillinga som er gjeldande for dei fleste aktive bruka med behov for 'hus numme to' i fylket. Likevel er det eit nasjonalt ansvar å sjå til at det er langsiktigheit i planleggjinga. Løysinga med frådelt kårhus er etter Fylkesmannen sitt syn ikkje i tråd med dette, sjølv om intensjonen er god frå søkjar si side.

Forvaltninga av landbrukseigedomar må sjåast på i eit langt perspektiv og fådelte bustader nær tunet kan få store negative konsekvensar for landbruket på sikt. Ein bustad på frådelt tomt vil vera fritt omsetjeleg og ein kan ikkje for all framtid rekne med at bebuarane vil stille seg positive til ulempene landbruket kan påføre dei.

Erfaringsmessig veit ein at det er landbruksinteressene som må vike i slike konflikter, heiter det i Fylkesmannen si uttale i saka.

Av Ola Matti Mathisen